

Grønlandssel - eit vandrane flokkdyr

Grønlandsselen (Baffinbukta til Karahavet. Der er han også den mest talrike selarten, nær *Phoca groenlandica*) lever i Nord-Atlanteren frå fem millionar individ. Denne selarten er fyrst og fremst knytt til område der det finst drivis og er eit utprega flokkdyr. På drivisen, som er grønlandsselen sitt einaste faste underlag, kan det vera flokkar på fleire tusen dyr.



Grønlandsselen vert delt inn i tre bestandar, etter kvar dei føder ungane sine. Desse fødestadene vert kalla kasteområde. Den nordvestatlantisk bestanden med kasteområde utafor austkysten av Labrador og ved Newfoundland, er størst med omlag 4 millionar individ. I Nordaust-Atlanteren er det to bestandar. I underkant av 0,5 millionar dyr har kasteområde aust for

Grønland og ved Jan Mayen, dette området vert kalla Vesterisen. Bestanden i Kvitsjøen, også kalla Austisen, er på omlag 0,5 millionar dyr.

Grønlandssel og klappmyss (*Cystophora cristata*), har vore grunnlaget for den tradisjonsrike norske fangsten på ishavssel. Alt frå byrjinga av 1700-talet dreiv hollenderar og britar kommersiell fangst av sel i området Svalbard - Jan Mayen. I 1846 var den fyrste norske skuta med, og frå 1850 kom Noreg for alvor med i ishavsfangsten. Fram til og med 1982 fangsta norske skuter ved Newfoundland. På dette feltet var dei årlege totalfangstane på meir enn 280.000 dyr frå siste krig og fram til 1970. Deretter har fangstinnsatsen gått ned og var lågast i 1993 med omlag 27 000 fanga dyr. Dei siste åra har fangsten teke seg opp att, og var i 1997 på omlag 260.000 dyr. Det vert ikkje brukt skuter i fangsten ved Newfoundland no, jegerane fangstar på isen til eige hushald. Området i Nordvest Atlanteren har den desidert største bestanden av grønlandssel. Ungeproduksjonen ved Newfoundland vart berekna til omlag 600.000 i 1990.

Dagens selfangst er beskjeden også i dei andre områda. I 1997 deltok berre ei norsk fangstskute på kvart av felte Vesterisen og Austisen. På begge felte fangstar russiske og norske skuter, men det har ikkje vore russisk fangst i Vesterisen dei siste tre åra.

I Vesterisen har fangsten gått ned frå vel 15.700 dyr i 1988 til nær 2.200 dyr i 1997. I Austisen var totalfangsten i 1997 36.382 dyr, av det 31.344 ungar. I 1988 vart det fangsta nær dobbelt så mykje, 70.999 dyr, av dei 51.918 ungar.

Bestandane av ishavssel vert vurdert annakvart år av ei felles arbeidsgruppe frå ICES (Det internasjonale rådet for havforsking) og NAFO (Den nordatlantiske fiskeriorganisasjonen). Arbeidsgruppa sine vurderingar dannar grunnlaget for forvaltinga av selbestandane. Det siste møtet var halde i 1997. På bakgrunn av at dei heller store selbestandane normalt ikkje endrar seg så mykje frå år til år og at ein manglar nye analysar, har det vorte tilrådd å halda fangstane på same nivå som vart berekna for 1994. I Vesterisen vil det seia 13.100 «vaksne» dyr årleg. Ein reknar i denne samanhengen med såkalla vaksen-ekvivalentar, ved omrekning vert ein

vaksen rekna som to ungar. I Austisen er tilsvarande tilrådde fangst 40.000 «vaksne» dyr. Det er kanskje i høgste laget viss det er rett at ungeproduksjonen er på omlag 100.000 individ. På ettervinteren er grønlandsselen særleg avhengig av drivis, som den føder ungene på. I dei faste kasteområda gjennomfører hoene, som skal føda, heile prosessen med fødsel, diing og ny paring i løpet av omlag to veker. Fødselen går unna på mindre enn eitt minutt. Kvar hoe får ein unge som mora kjenner igjen, og hoa diar berre sin eigen unge. Nyfødd er ungen vel 90 cm lang og veg 9 - 10 kg. Selmjølka inneheld meir enn 40 prosent feitt. Det gjer at ungen veks snøgt og legg på seg kring to kilo i døgeret. Meir enn halvparten av denne vekttauken vert lagra direkte i spekklaget under huden. Ved avvenninga etter omlag 12 dagar veg ungen meir enn 30 kg, i nokre få tilfelle kan han verta opp til 45 kilo. Eit par dagar gammal har ungen fått den karakteristiske kvitunge-pelsen, eller «whitecoat», som tidlegare var så etterspurt vare i den internasjonale pelshandelen. Når mora har drege frå ungen, vert han liggjande i ro på isen og tærer på opplagsnæringa medan den kvite fosterpelsen vert felt og den sølvgrå og mørkflekka pelsen kjem fram. Den fire-fem veker gamle svartungen byrjar så å læra seg å symja og eta på eiga hand.

Grønlandssel vandrar mykje og er ein årvisst gjest på norskekysten, nokre år er det reine invasjonar. I 1986, 1987 og 1988 gjekk den store selmengda ut over fisket i fjordane og på kysten av Finnmark. Forskarane er usikre på årsaka til invasjonane. Det er truleg næringsvandring som direkte skuldast mangel på føde lengre aust i Barentshavet. Igjen kan det skuldast kalde år då det strøymer lite varmt atlantehavsvatn inn i Barentshavet. Det kan føra til at fiskebestandar, som er potensiell føde for selen, trekkjer lengre vestover og får fylgje av selen. I vårt hundreår har det vore liknande invasjonar med ujamne mellomrom. Både i 1902, 1903, 1917, 1918, 1930 og 1963 vart det observert og fanga mykje grønlandssel langs kysten av Finnmark og Troms.

Ved hjelp av merking og registrering av gjenfangst har forskarane fått stadfesta at grønlandsselen vandrar svært mykje. Det viser seg at selbestanda i Austisen og Vesterisen har store felles næringsområde. Dette gjeld i fyrste rekkje unge dyr som ikkje er kjønnsmodne, men også eldre dyr. I perioden 1977 - 1994 vart omlag 17.000 ungar av grønlandssel merka i Vesterisen og omlag 18.000 i Austisen. Gjenfangsten av sel i kjønnsmoden alder er stort sett i dei områda der ungane er merka. Gjenfangst av yngre dyr viser mellom anna at sel både frå Vesterisen og Austisen vandrar inn til norskekysten. Nokre få gjenfangstar viser også at sel har vandra frå Vesterisen til Newfoundland. Liknande vandring andre vegen er ikkje registrert. Det viser seg også, som venta, at sel som er merka i Vesterisen, vert gjenfanga i Austisen og ved Aust- og Sør-Grønland.

Det er førebels ikkje påvist om individ frå den eine bestanden parar seg med individ frå den andre. Studiar av allozym for å finna genetiske samanhengar mellom dei tre bestanda viser at det er tydelege skilnader mellom bestanden i Nordvestatlanten på den eine sida og dei to andre bestanda på den andre sida. På bakgrunn av allozymstudia meiner forskarane at det også er grunn til å tru at bestandane i Vesterisen og Austisen kryssar seg med kvarandre.

Storleiken på bestandane vert berekna ved hjelp av merking, systematiske registreringar og direkte teljingar av ungar frå fly, fartøy og helikopter. Ved å kombinera desse opplysningane kan vi få eit overslag for ungeproduksjonen. Norske forskarar har arbeidd mest med sel i Vesterisen der det er også er best bakgrunnsdata. Likevel er det knytt stor usikkerheit til anslaget over ungeproduksjonen. I 1991 rekna forskarane ut at det vart fødd 55.300 ungar, med slingringsmonnet i utrekninga vil det seia at det med 95 prosent sannsynlegheit vart produsert mellom 46.000 og 69.000 ungar. Det samsvarar godt med andre utrekningmåtar. Bestandsutviklinga i Kvitsjøen og Austisen er usikker. Det viser seg at årsklassane 1986-1988 er lågt representert i bestanden. Det skuldast truleg at ekstra mange dyr strauk med under dei store selinvasjonane til norskekysten. Russiske teljingar frå fly i Kvitsjøen i 1997 kan tyda på at det vart fødd minst 100.000 ungar i det området.

Kontaktperson: Seksjonsleiar Nils Øien, Havforskningsinstituttet, Senter for marine ressurser, Postboks 1870 Nordnes, 5024 Bergen. Tlf: +47 55238611, Faks: +47 55238617.
E-post: Nils.Oeien@imr.no.

Havforskningsinstituttet informerer også på Internett: <http://www.imr.no>